



**DET KONGELEGE  
SAMFERDSELSDEPARTEMENT**

Statsråden

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Dykkar ref  
2015/8806-1

Vår ref  
15/19-

Dato  
15.10.2015

**Svar på førespurnad om framtida for sjøtrafikksentralen på Fedje**

Eg viser til dykkar brev, datert 28. august 2015, angående vedtaket til Hordaland fylkesutval om framtida for sjøtrafikksentralen på Fedje.

Eg vil begynne med å understreke at det overordna målet for regjeringa er å redusere ulykkesrisiko og sikre god tryggleik for skipsfarten som trafikkerer kysten vår. I den samanheng er sjøtrafikksentralane som Kystverket i dag opererer, viktige tiltak som aukar tryggleik og framkomme i farleier med relativt tett og komplisert trafikkemønster.

Som oppfølging av prop. 65 L (2013-2014) Lov om losordningen (losloven), har Samferdselsdepartementet bede Kystverket om å gjennomføre ei utgreiing av ulike alternativ for organisering av sjøtrafikksentralane, medrekna om det kan vere aktuelt med samanslåing. Dette for å sjå om sikkerheten er best ivaretatt med dagens organisering, eller om det finnes rom for forbetringar. I tillegg kjem ønske om større og meir robuste fagmiljø. Ei eventuell samanslåing skal ikkje føre til endring, eller reduksjon i tenestområdet for sjøtrafikksentralane.

Kystverket leverte utgreiinga si 20. januar i år. For å sørge for eit tilstrekkeleg vedtaksgrunnlag for val av framtidig organisering, har departementet bede Kystverket om å supplere utgreiinga med einskilde tilleggsutgreiingar. Frist for å sende utgreiinga til departementet er sett til 15. september 2015. Konsekvensane for tryggleiken for skip og miljø vil saman med dei administrative og økonomiske konsekvensane vege tungt når departementet skal vurdere innspela frå Kystverket. Det er ikkje teke stilling til korleis saka skal handterast vidare, men ho vil leggjast fram for Stortinget på ein eigna måte når departementet har vurdert Kystverkets innspel. Eit alternativ vil kunne vere å leggje saka fram i stortingsmeldinga om sjøtryggleik og akutt vernebuing, som er førespegla framlagt i 2016.

Eg er kjend med at farvatnet utanfor Fedje er eit av Noregs mest trafikkerte, med eit komplekst trafikkbilete som saman med naturgitte forhold gir ein omfattande potensiell ulykkesrisiko. Eg kan forsikre dykk om at sjøtryggleiken ikkje skal svekkjast, verken i farvatnet utanfor Fedje, eller andre stader langs kysten.

Med helsing



Ketil Solvik-Olsen